

I front for kvinner si helse – trygge og gode liv for alle

Sanitetskvinnene mot 2030



Strategisk plan 2024–2027 (2030)



Norske Kvinners
Sanitetsforening

GÅ I FRONT
sammen med oss

SANITETSKVINNENE MOT 2030

VISJON:

I front for kvinner si helse – trygge og gode liv for alle.

VERDIAR:

Modige, nytenkande og inkluderande.

HOVUDMÅL:

Norske Kvinner Sanitetsforening er ein synleg og aktuell organisasjon som arbeider for betre kvinnehelse og bidreg til trygge og gode lokalsamfunn gjennom målretta aktivitet og politisk påverknadskraft.


DELMÅL:

1. Norske Kvinner Sanitetsforening driv målretta, relevante og attraktive aktivitetar for å betre kvinner si helse og sikre trygge og gode lokalsamfunn.
2. Norske Kvinner Sanitetsforening er ein synleg og samfunnsrelevant organisasjon i vekst.
3. Norske Kvinner Sanitetsforenings si styrke ligg i god samhandling mellom medlemmar, frivillige, verksemder og tilsette i organisasjonen, samt i samarbeid med andre organisasjonar.

OM BRUK AV STRATEGIEN

Alle kan ikkje arbeide mot alle mål, men alle kan arbeide mot nokre. Gjennom konkrete handlingsplanar bidreg alle ledd i organisasjonen til å nå måla.

Kompetanse og medvit om visjonen vår og verdiane våre bidreg til å gje organisasjonen samhandlingskraft og retning.



Figuren viser korleis dei ulike delmåla står kvar for seg og samstundes gjensidig påverkar kvarandre, slik at dei bidreg til å nå hovudmålet i strategien for Sanitetskvinnene mot 2030.

OMGREPSAVKLARINGAR

Trygge og gode lokalsamfunn

Sanitetskvinnene skal bidra til at alle lokalsamfunn har ei befolkning med god livskvalitet og tilhøyre både i kvardagen og i møte med kriser. Dette inneber frivillig beredskapsinnsats i kriser og førebyggjande innsats, særleg retta mot sårbare grupper.

Kvinnehelse

Kvinnehelse er sjukdomar og helseutfordringar som berre rammer kvinner, som rammer fleire kvinner enn menn, eller har andre konsekvensar for kvinner enn for menn. Helse blir til i eit samspel mellom biologiske, sosiokulturelle og strukturelle faktorar. Kvinnehelse sjåast på i eit livsløpsperspektiv; frå fødsel og livet ut.

Politisk påverknad

Sanitetskvinnene arbeider i front for kvinnehelse og for å skape trygge og gode lokalsamfunn for alle. Ein viktig del av arbeidet vårt er å påverke politikarar lokalt og nasjonalt. Vi er livssynsøytrale og partipolitisk uavhengige, og arbeider derfor med å påverke politikarar frå alle parti frå sak til sak. Standpunkta våre er nedfelte i ulike politiske budskapsplattformer, og er vedtekne av landsstyret.

NKS ideelle verksemder

Foreningar tilknytt NKS er også viktige samfunnsaktørar, som eigarar og drivarar av eit stort mangfald av helse- og sosialinstitusjonar, og ideelle verksemder og eigedom.

Sanitetskvinnene driv Veiledningssentre for pårørande til rusmiddelavhengige og/eller psykisk sjuke. Vi etablerer Kvinnehelsehus over heile landet. Dette er hus som skal styrke kvinner og familiar si helse, livskvalitet og nettverk, og leggje til rette for frivillig aktivitet.

GÅ I FRONT

sammen med oss

Norske Kvinners Sanitetsforening er ein synleg og aktuell organisasjon som arbeider for å betre kvinnehelse og bidreg til trygge og gode lokalsamfunn gjennom målretta aktivitet og politisk påverknadskraft.

Sanitetskvinnene sin styrke ligg i god samhandling mellom medlemmer, frivillige, verksemder og tilsette. Utstrakt samarbeid med andre organisasjonar, styresmakter og næringsliv, bidreg til at vi når måla våre.

Våre formødre gjekk i kamp for kvinner sin stemmerett og Sanitetskvinnene har sidan oppstarten i 1896 arbeidd for kvinner si helse og levekår. Saman skal vi vidareføre denne stolte tradisjonen for kvinner i alle aldre.

Sanitetskvinnene er landets største kvinneorganisasjon og ein stor frivillig beredskapsaktør. Vi bidreg gjennom lokal aktivitet og målretta felles innsats for å sikre trygge og gode lokalsamfunn for alle. Vi skal arbeide for FNs berekraftsmål, med særleg fokus på å sikre likestilling for kvinner, helse og livskvalitet. Gjennom våre ideelle verksemder bidreg vi til etterspurde og gode tenester lokalt, regionalt og nasjonalt.

Målretta aktivitetar – Kvinnehelse & trygge og gode lokalsamfunn

Sanitetskvinnene driv målretta, relevante og attraktive aktivitetar for å betre kvinner si helse og sikre trygge og gode lokalsamfunn.

Sanitetskvinnene har alltid vore pionerar. Vi har identifisert manglar og utvikla nye tenester som har tetta hol i velferdsstaten. Alt vi gjer er behovsbasert. Det gjeld både støtte til einskildpersonar og forbetring på systemnivå. Sanitetskvinnene hentar stor styrke i å være Noreg sin største kvinneorganisasjon.

Vi er modige, nytenkande og inkluderande. Gjennom innsatsen vår endrast mennesker sine liv til det betre. Våre frivillige aktivitetar, våre ideelle verksemdar og forskinga vår på kvinnehelse, utgjer ein stor skilnad nasjonalt og internasjonalt.

Vi samarbeider med kommunar, regionale og nasjonale styresmakter, andre ideelle aktørar og næringsliv. Vi tilbyr ein spissa portefølje av frivillige aktivitetar for å betre kvinnehelsa og sikre trygge og gode lokalsamfunn.

DELMÅL 1 BLIR NÅDD GJENNOM:

Aktivitetar, ved:

- å vere den føretrekte organisasjonen for dei som ønsker å bidra lokalt gjennom medlemskap og frivillige aktivitetar.
- ein offensiv og målretta rekrutteringsstrategi, som både tek sikte på å auke tal på medlemmer og aktivitetar i eksisterande foreiningar, og etablere nye foreiningar der det er grunnlag for og ønske om det.
- lokalforeiningar som:
 - a. tilbyr fleire lavterskel-aktivitetar innanfor tema kvinnehelse i alle aldrar og aktivitetar for barn og unge.
 - b. organiserer aktivitetar som når breitt ut til alle innbyggjarane, og særskilt retta mot dei mest sårbare.
 - c. målretta arbeider med motivasjon og ivaretaking av medlemmer og frivillige lokalt, regionalt og sentralt.
- auka innsats for trygge og gode lokalsamfunn gjennom synlege og velfungerande omsorgsberedskapsgrupper.
- at alle landet sine kommunar har god kjennskap til omsorgsberedskapsarbeidet vårt.

Gjennom våre ideelle verksemdar, ved:

- å være ein pådrivar for nye tiltak, og å avdekke svakheiter og udekkede behov i det offentlege helsesystemet.
- å drive eigne helseverksemdar som supplement til offentleg helsetilbud.
- at Kvinnehelsehus er etablert over hele landet innan 2030, med offentleg finansiering.
- å vere ein stor nasjonal ideell aktør som bidreg med helse-, velferds-, og omsorgstenester som er viktige for kvinner si helse.
- å sikre at Veiledningssentra for pårørande til rusmiddelavhengige og/eller psykisk sjuke er ei utbygd nasjonal teneste og ein ettertrakta kunnskapsleverandør finansiert over statsbudsjettet.

Synleg og samfunnsrelevant

Sanitetskvinnene er ein synleg og samfunnsrelevant organisasjon i vekst.

Sanitetskvinnene har alltid gått i front for å dekke samfunnet sine behov der det trengst mest.

I 2030 har eit fleirtal av befolkninga god kjennskap til Sanitetskvinnene. Vi har ein tydeleg og attraktiv profil. Gjennom effektiv kommunikasjon har vi lukkast med å nå ut til lokale aktører, samt lokale og nasjonale styresmakter, som ser oss som ein relevant samarbeidspartnar. Vi er ein mangfaldig og inkluderande organisasjon i vekst, med mange frivillige og medlemmer.

Sanitetskvinnene sine bidrag til forskning på kvinnehelse løftar nasjonal og internasjonal kunnskap og medvit, og bidreg til meir kunnskap i alle helsefagsprofesjonar. Vi er dei fremste talskvinnene for kunnskapsformidling knytt til kvinner si helse og livsvilkår, samt trygge og gode lokalsamfunn.

DELMÅL 2 BLIR NÅDD GJENNOM:

Forskning og kompetanse, ved

- å være ein leiande ideell forvaltar av forskingsmidlar til kvinnehelse i Noreg.
- å være ein tydeleg kunnskapsaktør for kvinnehelse i Noreg.
- å formidle oversikt over forskning- og utviklingsprosjekta vi er involverte i og resultat frå desse.
- at vi kvart år legg frem ein rapport som samlar nasjonal statistikk om kvinner si helse og livsvilkår. Denne rapporten legg grunnlag for politiske vedtak og offentleg debatt.

Politisk påverknad og det å vere synleg, ved

- å sette kvinnehelse, likeverdige helsetenester og trygge og gode lokalsamfunn på dagsorden ved offensivt interessepolitisk påverknadsarbeid lokalt, regionalt og nasjonalt.
- å være ein sterk tverrpolitisk påverkar av partipolitikk knytt til kvinnehelse og trygge og gode lokalsamfunn.
- at vi er synlege i offentlegheita gjennom nasjonale kampanjar innan kvinnehelse og beredskap, samt det å vere synleg i massemedia og sosiale media.
- at vi arbeider gjennom fellesskap og alliansar for auka politisk påverknad mot lokale, regionale og nasjonale styresmakter.
- å framstå som kunnskapsrike, empatiske og tydelege i kommunikasjonen vår.
- å opplevast som nasjonale med relevans for heile landet.
- at organisasjonen har eit namn og ein tydeleg profil som inkluderar, appellerar og mobiliserer breitt.

Solid finansiering, ved

- ei langsiktig og stabil finansiering av hovudaktivitetane våre.
- utvikling og innføring av ein solid finansieringsstrategi som bidreg til berekraftig vekst og økonomi i heile organisasjonen.
- ein innsamlingsstrategi som sikrar tilgang til frie midlar.
- at lokal- og fylkesforeiningane støttar våre prioriterte satsningsområder gjennom overføringar til forskningsfond og ved å støtte opp om øyremerka kampanjer.
- at aktivitetar og verksemder sikrast føreseielege rammevilkår i samspel med lokale, regionale og nasjonale styresmakter.

Samhandling

Sanitetskvinnene sin styrke ligg i god samhandling mellom medlemmer, frivillige, verksemdar og tilsette i organisasjonen, samt i samarbeid med andre organisasjonar.

Sanitetskvinnene er Noreg sin største kvinneorganisasjon og hentar styrke i solid samhandling mellom medlemmer, frivillige, ideelle verksemdar og eit sterkt fagpolitisk sekretariat. Lokalforeningar over heile landet driv utstrakt frivillig aktivitet, verksemdene våre leverer tenester av høg kvalitet, og vi har eit kompetent, effektivt og økonomisk berekraftig sekretariat. Alt dette gjer oss til ein sterk organisasjon, som arbeider godt saman.

God informasjonsflyt sikrar god samhandling. Aktuell informasjon når raskt riktig mottakar. Sanitetskvinnene tilbyr målretta opplæring av tillitsvalde, medlemmer og frivillige. Gjennom fokus på universell utforming er tilgjengelegheit sikra for alle.

Vi har eit sterkt og velfungerande organisasjonsdemokrati og ein inkluderande organisasjonskultur. Vi har ein tydeleg organisasjonsstruktur, der dei ulike ledda i organisasjonen opplever å ha tilstrekkeleg handlingsrom innanfor rammene og felles mål.

Sanitetskvinnenes ideelle verksemdar er veldrivne og økonomisk berekraftige. Det finst utstrakt erfaringsdeling og samarbeid på tvers av verksemdene, lokal- og fylkesforeiningar og sekretariatet.

DELMÅL 3 BLIR NÅDD GJENNOM:

Ein inkluderande organisasjon, ved

- målretta og systematisk satsing på inkludering og mangfald.
- kommunikasjon prega av gjensidig respekt, tillit og nysgjerrighet, der medlemmer og frivillige opplever seg godt ivaretekne i organisasjonen.
- eit levende organisasjonsdemokrati som sikrar deltaking i alle ledd, og frå heile landet.
- digitale plattformer som sørger for smidig samhandling mellom alle ledd i organisasjonen.

Opplæring av tillitsvalgte, ved

- at alle tillitsvalgte og frivillige skal gjennomføre styre- og aktivitetsoplæring tilpassa si rolle og oppgåve i løpet av det første året.
- at det blir tilbydd både fysiske og digitale opplæringsverktøy tilpassa alle nivå i organisasjonen.
- gode og relevante arrangement og samlingar som vert tilrettelagt for fysisk og/eller digital deltaking.

Erfaringslæring, ved

- at vi har etablert nettverk av frivillige, verksemder og tilsette som styrkar erfaringslæring og bidreg til auka samhandling.
- bruk av digitale verktøy som fremjar god samhandling, auka aktivitet og kommunikasjon mellom medlemmer, frivillige og tilsette.
- at deling av erfaringar styrker samarbeid på tvers av alle organisasjonsledd. Dette vil igjen styrke ei felles organisasjonsforståing og organisasjonskultur.

FN SINE BEREKRAFTSMÅL

NKS har sidan 1896 arbeidd for kvinner si helse og levekår lokalt, nasjonalt og globalt. I 2015 vedtok FN 17 mål for ei berekraftig utvikling innan 2030.

Sanitetskvinnene sitt arbeid i strategiperioden skal bygge opp under berekraftsmåla med særleg fokus på at:

- Våre frivillige aktivitetar, våre ideelle verksemder, vår forskning på kvinnehelse og våre frivillige utgjer en stor skilnad lokalt, regionalt og nasjonalt. Slik fremjar vi spesielt FN sine berekraftsmål 3 om god helse og livskvalitet, mål 5 om likestilling mellom kjønna og mål 10 om mindre ulikskap.
- At vi arbeider gjennom ulike fellesskap og allianser for å få auka påverknadskraft mot lokale, regionale og nasjonale styresmakter. Slik bruker vi FN sitt berekraftsmål 17 om samarbeid for å forsterke effekten av arbeidet.
- Gjennom kartlegging og offentleggjering sikrar vi grunnlag for politiske avgjerslar og offentlig debatt. Slik sikrar vi at også andre arbeider meir målretta for FN sitt berekraftsmål 3 om god helse og livskvalitet og mål 5 om likestilling mellom kjønna.



I de små ting frihet
I de store ting enighet
I alle ting kjærlighet

Norske Kvinners Sanitetsforening
Kirkegata 15, 0153 Oslo

www.sanitetskvinnene.no



Norske Kvinners
Sanitetsforening